



Arbeids- og sosialdepartementet

Dykkar referanse:

Sakshandsamar:
Ole John Østenstad
Tlf. 57612701

Vår referanse:
14/1519-2-OJØ-F06

Dato:
30.06.2014

Høyrings svar - Et enklere tiltakssystem tilpasset brukernes behov

Etter drøfting i formannskapet i Førde 28.06.14, kjem Førde kommune med følgjande uttale til høyring om dei føreslåtte endringane i dei arbeidsretta tiltaka.

Førde kommune sluttar seg til høyrings svaret frå den interkommunale arbeidsmarknadesverksemda Mentro i Førde (jfr vedlegg), og vil presisere:

- Førde kommune er positive til samanslåing av tiltak som kan gje «sømløse tenester» for brukarane. Brukarane må få tiltak etter godt tilpassa opplegg, som er utan avbrot eller opphald mellom tiltaka, og som gjev betre grunnlag for fotfeste i arbeidslivet.
- Konsekvensane for brukarar med store bistandsbehov og for tiltaksarrangørane av forslaga til forskriftsendingar bør derfor utgreiast og vurderast i ein heilskapleg samanheng i den varsla stortingsmeldinga som skal komme hausten 2014, før forskriftendringa vert vedteken.
- Den føreslåtte endringa vil få store konsekvensar for tilbodet i vårt område – ca 50% reduksjon.
- Med denne forskriftendringa vil Arbeid med bistand, som er eit godt eigna tiltak for å få dei med størst bistandsbehov i arbeid, fjerna. Dette tiltaket er også godt eigna for å sikre ei desentralisert teneste i heile området vårt med god jobbing med lære kandidatatar.

Førde kommune meiner derfor at forskriftsendringa bør utsetjast til det vert lagt fram ei eiga Stortingsmelding om temaet.


Med helsing

Ole John Østenstad
Rådmann

Dette brevet er elektronisk godkjent av Førde kommune om det ikkje er signert.

Vedlegg:

Høyringsframlegg.docx



Innhold

1. Innleiing	1
2. Konsekvensar for tiltaksarbeid i vårt distrikt og for fylket	2
3. Enklare for brukar eller ei meir komplisert teneste	3
4. Forskrifta kan hindre framtidig tiltakssamanslåing	3
5. Konkurransen og anbod	3
6. Oppsummering	4

1. Innleiing

Arbeids- og sosialminister Robert Eriksson (FrP) har sendt ut til høring ei forskriftsendring som kan få store konsekvensar for brukarar/arbeidssøkjjarar både i vårt distrikt, i heile Sogn og Fjordane og for Mentros.

Gjennom denne forskriftsendringa vil statsråden slå Avklaringsiltaket for personer med nedsett arbeidsevne og store bistandsbehov saman med Avklaringsiltaket for personer med moderate bistandsbehov. Samtidig foreslår han å slå Arbeid med bistand (AB) for personer med nedsett arbeidsevne og store bistandsbehov saman med Oppfølgingstiltaket for personer med moderate bistandsbehov.

De to tiltaka for personar med moderate bistandsbehov er allereie anbudsutsette, medan tiltaka for personer med nedsett arbeidsevne blir kjøpte av førehandsgodkjente tiltaksarrangørar som er eigd av kommunar eller ideelle organisasjonar. I forslaget blir alt dette sendt ut på anbod. Dette medfører at over 50 % av tiltaksplassane for personer med nedsett arbeidsevne både i vårt distrikt og i heile fylket blir omgjort til anbodstiltak. Dette skjer ved ei såkalla mindre vesentleg forskriftsendring rett før heile tiltaksarbeid i Norge skal handsamast i ei eiga Stortingsmelding.

Høyringsforslaget har fått namnet: «Et enklere tiltakssystem tilpasset brukernes behov». Dette er ein viktig intensjon, men framlegg bidra ikkje til å gjere tenestene enklare eller betre for brukar. Tvert i mot. Framlegge har mange negative verknader og det verst er at Arbeid med bistand, som er eit av dei beste tiltaka for å få personar med store bistandsbehov i arbeid, vert fjerna som tiltak.

Styret i Mentros ber difor at de behandlar saka og sender inn høyringsutale der konsekvensar for vårt område kjem fram og at de støttar kravet om at denne forskrifta må trekkjast og at framlegget må drøftast i Stortingsmelding slik at område får ein brei debatt og ei skikkeleg konsekvesn utgreiing om kva som verkar. Høyringsfristen er 4. august.

Høyringa og ny forskrift finn de på denne linken:

<http://www.regjeringen.no/nn/dep/asd/dokument/Hoyringar/Hoyringsdokument/2014/Horing---et-enklere-tiltakssystem-tilpasset-brukernes-behov.html?id=759166>

2. Konsekvensar for tiltaksarbeid i vårt distrikt og for fylket

Framlegget kan bety ei vesentleg svekking av tilbodet til dei «svakast» brukarane (dei med store bistandsbehov) sin sjansar til å få seg arbeid. Mentro dekker i dag Jølster, Førde, Gaular, Naustdal, Fjaler, Askvoll med tenester i tillegg til bestillingar får Høyanger og Hyllestad. Arbeid med bistand er eit viktig tiltaka for å kunne dekke alle desse kommunane med tenester. Alle som er i dette tiltak skal ha ekstern arbeidspraksis, og ein kan tilpasse arbeidstida ift. deltaren sine behov. Tiltaket kan vare i inntil tre år, noko som gir nødvendig ro for å oppnå resultat og som gjer at deltakaren kan få arbeidstrening på arbeidsplassar i sitt område. Hos Mentro fekk over 55 % av dei som slutta i Arbeid med bistand i 2013 seg lønna arbeid og hitil i 2014 er tilsvarende resultat 78,5 %. Det er i Arbeid med bistand vi oppnår det beste resultatet. Etter vår vurdering er dette det beste tiltaket for å:

- Få personar med store bistandsbehov i arbeid
- For å kunne gje like teneste i heile området vårt
- Tiltaket er også godt eigna til fagutdanning (lærekandidatar)

Forslaget om å slå Arbeid med Bistand saman med Oppfølging er difor svært negativt for tenestetilbodet i vårt område, og for denne gruppa av arbeidssøklarar. I forskriftsendringa er det forskrifta for Oppfølgingstiltaket som skal gjelde. Det vil ikkje gje den ro og systematikk som vi har i Arbeid med Bistand til at brukar oppnår resultat. I Oppfølging er tenesta langt meir oppslitta og komplisert med nye forlengar kvar 2-3 månad med skriftleg begrunning til NAV. All bestilling og fornying frå alle NAV kontor går til Origod i Florø, som igjen bestiller hos Mentro eller Sogneprodukt, i motsetning til Arbeid med Bistand der kommunikasjon går direkt mellom NAV sin saksbehandlar og våre jobbkonsulentar. I tillegg er opphaldstida i Oppfølging inntil 1 år mot inntil 3 år i Arbeid med Bistand. Når gruppa med stort bistandsbehov også skal konkurrer med sjukmelte og personar med moderate behov så om dei same tiltakplassane så er sjansen stor for at den sterkast gruppe blir prioritert. Når desse tenestene i tillegg skal vere på anbod der gjere tilbaksføringsresultat til arbeid blir eit viktig kriterium så er sjansen for at den gruppa som i dag har eit tilbod i Arbeid med Bistand vi bli skvisa.

I tillegg vi over 50 % av plasane for dei med stort bistandsbehov i Sogne og Fjordane bli vekke med denne endringar:

Tiltak	Mentor	Sogn og Fjordane
Avklaring	6 plassar	28 plassar
Arbeid med Bistand	30 plassar	150 plassar
Total reduksjon¹	36 plassar	178 plassar
Attføringsplassar² totalt	59 plassar	355 plassar

Det vil seie at i vårt distrikt vert plassar forbeholdt personar med store bistandsbehov redusert frå 59 til 23 plassar og for heile Sogn og Fjordane frå 355 til 177 plassar. Eit dramtisk kutt og ikkje ei mindre vesentleg endring som statsråden hevdar.

¹ Avklaring + Arbeid med bistand. Tiltaka som vert fjerna som egne tiltaka for personar med nedsett arbeidsevne og gjort om til felles tiltak for sjukmelte/andre med moderate behov og som skal ut på anbod.

² Vange plassar (VTA og TIA) er ikkje med i tallet. Dette gjeld attføringsplassar både i Attførings – og vekstbedrifter. M.a. Mente Vekst og Luster arbeidsenter har Arbeid med bistand.

3. Enklare for brukar eller ei meir komplisert teneste

Det har vore brei semje i dei politisk miljø og i fagfeltet om behov for forenkling og fornying for å få fleire i jobb. For få tiltaksplassar og ventetid før og mellom tiltaka fører til at det tek for lang tid før ein får tilbod om eit arbeidsretta tiltak. Vidare skapar ventetid mellom tiltaka at dei som har starta ein prosess får uheldige avbrot, noko som er demotiverande for den enkelte. Her er den svakaste gruppa (nedsett arbeidsevne) ekstra sårbare. Motiverarbeid for å få i brukar til å starte i tiltak kan raskt brytast ned viss han må vente på neste tiltak. Både Mentro og dei andre bedriftene i Sogn og Fjordane har jobba tett saman med NAV slik at i oppnå mest mulig samanhengande teneste («Sømløse tiltak» som politikarar og andre etterlyser). På denne måten har vi i alle høve sikra at dei som er i arbeidspraksis slepp avbrot.

Skal ein gjere tenesta enklare for brukar hjelp det lite å slå saman brukar grupper og la hindere mellom tiltaka stå. Skal ein få til «Sømløse tiltak» må ein slå saman tiltak innfor kvar brukargruppe. Dei skjerma tiltak (store bistandsbehov) for seg og anbodstiltak for seg (sjukmelte/modreate behov). Ein må slå saman langs tiltakskjeda og ikkje på tvers, t.d. Avklaring (skjerma) og Arbeid med Bistand som eit og Avklaring og Oppfølging (modreate behov) for seg. Det har vore fleire forsøk på forenkling av skjerma tiltak som har gitt gode resultat og dette burde prøvast ut i større omfang før for å sjå om dei gode resultat vil er almengyldige. Mentro er klar for å prøve ut dette viss vi får lov.

Det kan verke ulogisk når vi når vi seier at å slå saman 4 tiltak til 2 ikkje gir forenkling. Dette kan illustrerast med følgjande døme:

«Vi har to parallelle vegar. Ein brei er for dei som treng mest plass og ein smalare for dei andre. Det er to bomstasjonar som sperrar begge vegane (på same plass). Begge gruppen må søkje om å få passere bommane og vente på svar. Det hjelper lite å slå saman vegane til ein veg når bomstasjonane blir oppretthold og det er like vanskeleg å passer. Enda verre blir det for dei som treng mest plass når dei nye vegparsellane blir samlare (brukar kun den smalast vegen). Einast måten å få ei samanhengande reise og best framkomst for begge trafikkgruppene på er å fjerne bommane og la vegane bestå.»

Vi trur heller ikkje det blir enklar for brukar å få ei samanhengande teneste viss han må sjonglerer mellom ulike konkurranse leverandører og NAV for å få det til.

4. Forskrifta kan hindre framtidig tiltakssamanslåing

Et viktig moment er at denne forskrifta der to av dei skjermma tiltak isolert blir anbudsutsett kan hindre ei framtidig forenkling av dei skjerma tiltaka som det absolutt er behov for. Når ei teneste først er anbudsutsett er det vanskeleg å reversere prosessen. Det er difor meinigslaut at to tiltak som har som formål å:

- Avklare mulegheit for arbeid/ og bistandsbehov
- Bistå personar med store bistandsbehov til å få/behald eit arbeid

skal takast ut av tiltakskjeden rett før alt skal behandlast i Stortingsmelding. Dette understrekar at denne forskriftsendinga må trekkast til fordel for ei samal behandling.

5. Konkurransse og anbud

Vi er ikkje i mot konkurranse om tenestene men mener at dette må skje mellom førhandsgodkjente bedrifter med offentleg eige, idielle organisasjonar med non – profitt formål. Slik konkurranse er det også i dag. Vanleg anbudsprinsipp ville ikkje funger. Attføringsarbeid kan ikkje standarisert men må vere individuelt tilpassa. Mentro er i dag underleverandør av anbodstiltaka (Avklaring og Oppfølging) og vår konklusjon er at desse tenestene ikkje er iegna for personar med store bistandsbehov slik ministeren legg opp til.

Eit anna perspektiv er forholdet til næringslivet. Bedriftene i Sogne og Fjordane har mellom 60-80 % av all jobbtrening ute i det ordinære arbeidslivet i alle type bedrifter og er avhengig av eit nært samarbeid med næringslivet for å få dette til. Korleis vil eit slik samarbeid bli viss attføringsbedriftene skal konkurrer med dei same bedriftene om desse tenestene?

6. Oppsummering

Ei oppsummering av hovudankepunktene vi har mot regjering sitt høyringsutkast.

- Kvior slik hast med å få gjort desse endringane når Statsråden har varsla ei heilskepeleg og grundig Stortingsmelding for område alt til hausten?
- Dette er ingen lita endring då det får store konveksar for tilbodet til dei med størst bistandbehov for å få jobb. Endring vil gje over 50 % reduksjon i plassane både i vårt område og i Sogn og Fjordane totalt.
- Med denne forskriftsendringa vil Arbeid med bistand som er eit svært god eigna tiltak for å få dei med størst bistandbehov i arbeid fjerna. Dette tiltake er også godt eigna for å sikre ei desentralisert teneste i heile vår område, jobbe med lærekandidatar og ein bærebjelke i Ringer i Vannet.
- Det er ikkje dokumentert at anbodsutsetting gir betre tenester eller fører til at fleire kjem i arbeid, medan forsøk med «sømløse tiltak» har gitt gode resultat og burde prøvast i større omfang.
- Denne tiltaksendringa vil ikkje fjerne opphold og ventetid mellom tiltaka og vil såleis ikkje gjere det enklar for brukar slik det vert argumentert med. Tvert i mot er måten anbud verkar på gje meir oppsplitting av tenesten og mindre samanheng i tenesta enn i dei skjerma tiltaka.
- Vi er positive til samanslåing av tiltak som kan gje «sømløs teneste»
- De er uansvarleg å gjennomføre så store prinsipielle endringa kun som ei forskriftsendring. Dette har så store konksksar både for brukar, tenestetilbod i vår kommune og i distrikt til at det må gjennom ei langt breiare behandling. Ein anar heller ikkje konsekvensane ift. fagmiljøet for å sikre kvalitative gode tenester vidare i det viktige arbeid med å få fleire i arbeid og færre på trygd.

Mentros AS

Styret
v/styreleiar
Bjørn Harald Haugsvær/sign

Dagleg leiar
Kjartan Kvellestad/sign